

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 27.2.2009  
**Stad:** Flå, Vik Gjestgiveri

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og Runolv Stegane (vara), og regionkontakt Terje Moen  
Rådmannsutvalet deltok i drøfting sak 09.

---

### SAK 08/09 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 23.1.2009

#### Vedtak

Møteprotokoll 23.1.2009 vart vedteke.

### SAK 09/09 SAMARBEID BARNEVERN I HALLINGDAL

#### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at kommunane i Hallingdal gjer slikt vedtak:  
XX kommune går inn for etablering av Felles Barnevern i Hallingdal frå 1. januar 2010, der følgjande føresetnadar ligg til grunn for etableringa:

1. Samarbeidet blir organisert etter modell med administrativt vertskommunesamarbeid (kommunelova § 28b). Samarbeidet skal ha ei administrativ styringsgruppe med rådmennene i deltakarkommunane.
2. Felles Barnevern i Hallingdal skal byggast opp etter ein desentralisert modell, der alle deltakarkommunane skal stille kontor og møteplass til disposisjon. Dei som arbeidar barnevernet skal nytte desse kontora så langt det er hensiktsmessig.
3. Etableringa skal i tillegg til målsetting om styrking av fagmiljø, kompetanse og rekruttering ha ei målsetting om effektivisering.
4. Kostnadane med eit felles barnevern skal fordelast etter regionrådsmodellen når det gjeld det arbeide som ikkje er direkte tiltak i kommunane. Kostnadane ved tiltak skal dekkast av den kommune der tiltaket skjer.
5. Rådmannsutvalet får i oppdrag å stå for arbeidet fram mot etableringa 1.januar 2010. Nødvendige avklaringar i forhold til samarbeidsavtale, organisering, økonomi og etablering får rådmannsutvalet ansvaret for. I tillegg anbefale stad for felleslokalar

overfor Regionrådet, der m.a. lokalitetar og pris er vurdert. Felles lokalar, for samling av tilsette i barnevernet etter behov, skal ligge i Gol eller i Ål.

6. Regionrådet for Hallingdal får mandat til å vedta lokalisering av felles barnevern for Hallingdal, etter instilling frå rådmannsutvalet.
7. Rådmannsutvalet får i oppdrag å arbeide for og avklare oppretting av eit eige fagteam for Bufetat, lokalisert til hovudkontor for felles barnevern i Hallingdal.
8. Samarbeidet skal evaluerast våren 2013.
9. Det er ein føresetnad for tilslutninga at alle kommunane i Hallingdal gjer likelydande vedtak

#### **SAK 10/09 SKJØNNSMIDLAR FRÅ FYLKESMANNEN, 2009 – PRIORITERING AV PROSJEKT TIL FORNYING OG OMSTILLINGSTILTAK**

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil med bakgrunn i rådmannsutvalet si innstilling, prioritere følgjande prosjekt for tildeling av skjønnsmidlar for 2009:

- Samordning av infrastruktur for skular og barnehagar (IKT): Kr 250 000
- Ny matrikkel (IKT): Kr 250 000
- Adferdsprosjekt (vidareføring av prosjekt frå 2008) Kr 450.000

#### **SAK 11/09 PARTNARSKAPSAVTALE MED BUSKERUD FYLKESKOMMUNE, 2009 – 2012**

##### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal inngår partnerskapsavtale, dat..... med Buskerud fylkeskommune for perioden 2009-2012.
2. Regionrådet for Hallingdal reknar med at det er felles krav til dei ulike regionane i forhold til delfinansiering av enkelttiltak.
3. Regionrådet for Hallingdal inngår gjennomføringsavtale, dat..... med Buskerud fylkeskommune for perioden 2009.
4. Regionrådet for Hallingdal ber Buskerud fylkeskommune vurdere prosedyre for søknader som er forankra i gjennomføringsavtale slik at ordninga ikkje fører til unødvendig og lang sakshandsaming.  
Ut frå ein partnerskapstankegang bør Regionrådet og fylkeskommunen sine to politikarar ha avgjerdsmynde i forhold til løyvingar. (Regionrådet ber om at det event. blir gjort juridiske vurderingar av lovelegheit av ei slik ordning jmf. Oppland fylkeskommune). Alternativt ber Regionrådet om at det blir vurdert om Regionrådet og fylkeskommunen sine to politikarar kan ha avgjerdsmynde der forslag til vedtak er i samsvar med gjennomføring- og partnerskapsavtale.
5. Prioriterte samarbeidsområda skal vera basert på satsingsområda i Regional planstrategi og dei enkelte tema i handlingsprogrammet og/eller Strategisk Plan for Hallingdal (2006-2010) med vedteke handlingsprogram.

#### **SAK 12/09 SØKNAD OM TILSKOT TIL HALLINGTRAINEE**

### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot til oppstart av traineeordning for Hallingdal. Maksimal tilskotsramme blir sett til kr. 300.000.
2. Føresetnadane for tilskotet er at prosjektet blir gjennomført etter vedlagt prosjektbeskrivelse.
3. Tilskotet blir finansiert av parterskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2009.
4. Det er ein føresetnad for tilskotet at Hallingdal Karrieresenter er prosjekteigar og at Buskerud fylkeskommune tek prosjektansvaret, dersom prosjektperioden for Hallingdal Karrieresenter blir avslutta.
5. Prosjektet skal profilere at prosjektet også er i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal.

### **SAK 13/09 SØKNAD OM TILSKOT TIL NY UTGÅVE "HALLINGDAL I BILETKUNSTEN"**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som svært positivt at det vil bli gjeve ut ei ny utgåve av boka Hallingdal i biletkunsten. Regionrådet løyver inntil kr. 75.000, - til dekking av utgifter til referansegruppe og sekretærhjelp.
2. Tilskotet blir løyvd frå disposisjonsfondet.
3. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til støttekjøp av boka.

### **SAK 14/09 SPØRJEBOK OM HALLINGDAL**

Lions har teke initiativet til å laga ei spørjebok om Hallingdal. Det er i utgangspunktet søkt om kr. 4.000 i støtte frå kvar kommune. Regionrådet drøfta saka og kom fram til at dette var ei spørjebok om Hallingdal, der det ville vera naturleg at Regionrådet støtta bokkjøpet, i staden for kvar kommune.

#### **Vedtak**

Regionrådet løyver kr. 24.000, - til utgjeving av spørjebok om Hallingdal. Tilskotet blir løyvd frå disposisjonsfondet.

### **SAK 15/09 EVENTUELT**

#### **• Høgskolen i Buskerud**

Regionrådet for Hallingdal er gjort kjent ein del uro og usikkerheit rundt vidareføring av lærarutdanninga ved Høgskolen på Hønefoss, og at regionrådet for Ringeriksregionen har engasjert seg. Høgskola på Hønefoss er viktig som studiestad for Hallingdal, ikkje minst lærarutdanninga.

Styret for Høgskolen i Buskerud gjorde i styremøte 25.2.2009 m.a. slikt vedtak:

1. *Styret er sterkt bekymret over den økonomiske utvikling i høgskolen og ber om at det må foretas innsparinger på alle avdelinger slik at høgskolen går i balanse i 2009. Styret ber om å bli løpende orientert om status og ber høgskolen særlig kvalitetssikre inntjening i forhold til de oppdrag som er lagt til grunn i budsjettene.*
2. *Avdeling for lærerutdanning har særskilte budsjettmessige utfordringer og må foreta store innsparinger. Avdelingen har også behov for å utvikle en profil og styrke fagmiljø i forhold til lærerutdanningsatsingen, som kommer i kjølevannet av Stortingsmelding nr 11 Læreren, Rollen og Utdanningen. Styret slutter seg til innsparingstiltak som;*
  - *ikke opptak av studenter ved Allmennlærerstudiet på studiested Hønefoss høsten 09*
  - *ikke opptak av studenter til Praktisk pedagogisk utdanning på studiested*

*Hønefoss høsten 09*

*- ikke oppstart av valgfag i naturfag 2 for studenter på Hønefoss*

*- ikke oppstart av RLE på studiested Drammen*

Regionrådet for Hallingdal gav Gerd Eli Berge og dagleg leiar i oppgåve å følgje utviklinga, og ta nødvendig kontakt med Ringeriksregionen.

- Feiring; Bergensbanen sitt 100 års jubileum  
Det vart orientert/drøfta korleis dei einiskilde kommunane i Hallingdal planlegg å markere Bergensbanen sitt 100-års jubileum. Ål kommune er i ferd med å laga eit utkast til markering som vil bli sendt dei andre kommunane til orientering og eventuell deltaking.
- Søknad om regulering av kommunalt tilskot til Hallingdal Museum  
Regionrådet og kommunane har motteke brev frå Hallingdal Museum om regulering av kommunalt tilskot for 2010. Regionrådet såg dette som ei sak som det er naturleg at rådmannsutvalet drøftar og event. lagar felles sak på. Dagleg leiar tek dette opp med leiar for rådmannsutvalet.

Etter regionrådsmøte var det årlege dialogmøte med fylkesmannen i Buskerud.

Regionrådet

Ål 8.3.2009

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar